

Andreas Björkum: Jostedalsmålet

Gjennom kjenningar fekk eg tak i nokre nummer av Jostedal skule- og bygde-avis, seinare har eg fått fleire, og det har vore svært interessant lesnad, serleg av to grunnar: Jostedølene ser ut til å setja sitt eige kulturgrunnlag og sine eigne sermerke høgt, og dei har ei levande interesse for ord, vendingar og former og sitt eige tale-mål. Redaksjonen har bede meg skriva noko om jostedalsmålet i bladet, og det gjer eg med stor glede.

Jostedalsmålet er det målet som skil seg mest ut frå dei andre bygde-måli i Indre Sogn, ja skilnaden er så stor at me i mangt kunne kalla målet i dalen eit Nordfjord-mål. Men det er heller ikkje heilt rett, for jostedals-målet står for seg sjølv med fleire innslag frå Nordfjord og fleire frå Sogn, det vil seia frå både sidene av breen. Nokre viktige hovuddrag fell saman med Nordfjord-målet, men sognamålet har sett sine tydelege merke òg, så målet i

Jostedalen skil seg greitt ut frå Nordfjord-målet.

Nordfjord-dragi grip så djupt inn i målet at me lyt nemna dei dragi fyrst. Jostedals-målet er eit såkalla e-mål, det vil seia at alle infinitivar (nemneformer av verbi eller gjerningsordi) endar på -e, t.d. fare, være, (=vere), kaste, skrive, og alle linne hokjønns-ord har endingi -e i ubundi form eintal, t.d. ei vise, ei rose, ei veke, ei gate. Same regelen gjeld for målføri frå og med Ytre Sogn til og med Romsdalen (og der ligg Nordfjord om lag i midten). Endingi i dei andre bygdene i Indre Sogn er -a, i alle desse ordformene (t.d. kasta og ei rosa).

I vokalverket legg me mest merke til at jostedølene har å av gamalnorsk lang á, t.d. i sjå, få, blåse, der me elles finn ao i heile Indre Sogn, men i Nordfjord er å den vanlege uttalen. Eit anna målmerke er å-lyden føre -ng og -nk i ord med opphavleg -a, t.d. månge, lång'e, tånke og fleire (yngre mål har -a føre -nk, seier ABF), og same å-lyden finn me i Nordfjord og Sunnfjord her, medan målføri inst i Sogn (+Aurland) har -a i mange, lang(e), tanke (utetter Sogn er det -ao- her).

Gamalt jostedalsmål har ein open o-lyd som me vanleg finn att i Nordfjord. Han ligg mellom å og ø, og me skriv han o med ein prikk over i lyd-skrifti, t.d. løk, skøt, fønn, mot vanleg å-lyd i Indre Sogn her. Amund B. Larsen i "Sognemålene" har mange døme på o med prikk over frå Jostedalen, men etter det yngre folk seier kjem å-lyden meir inn no, så dette gamle draget er venteleg vikande.

Alle desse sermerki ovanfor peikar så greitt mot Nordfjord at sambandet over breen må ha vore svært sterkt, eller det kan tenkjast at ein stor del av den nye busetnaden etter svartedauden har kome frå Nordfjord (eller mogleg frå Gudbrandsdalen òg). Sambandet ned til Sognefjorden må ha vore mykje mindre etter gamalt, med di denne ferdsla har sett færre merke etter seg i målvegen.

Sogna-innslagi i jostedalsmålet er tydelegast i bundi form eintal av sterke hokjønnsord (t.d. ei bru, ei fil, ei sol) og i bundi form fleirtal av sterke inkjekjønnsord (t.d. eit hus, eit stykkje= stykke), for der er endingi -i slik som i inste Sogn, t.d. brui, soli, husi, stykkji (=stykki i skriftmålet). I Nordfjord brukar dei berre endingi -a her. Sameleis er pronomen-formi me (i fleirtal)

eit sognamerke i Jostedalen, for i Nordfjord seier dei vi. I Jostedalen fylgjer dei Luster, (Lærdal og Midtre Sogn) med -a i hokjønn fleirtal av adjektivi (eigenskapsordi), t.d. i goa tie (= tider), finå føra, stora jaite, kjyre (geiter, kyr i skriftmålet), men her har dei vanleg -e i Nordfjord (goe, fine, store).

Når jostedølen kjem ned i Gaupne, ut på Hafslo eller inn i Luster, vil han merka at folk brukar ao for å, dl for ll (t.d. adle, kadla, smädla = smella), dn for gamal rn (t.d. kåddn = korn, kjøddn = tjørn og gutadn, jæntedn i bundi form fleirtal) og bm/bn for mn (av gamal vn; t.d. nabbm, nabne = namn, namnet). Dette er sermerkt for Indre og Midtre Sogn og sørretter Vestlandet. Nørdst i Jostedalen er ll, nn og mn vanleg i desse dømi ovanfor, og i ll og nn skil jostedølene lag med nordfjord-ingane òg, for i Nordfjord legg dei vanleg ein j-lyd attpå ll og nn (både av gamal nn og rn, t.d. allje, mannj, bjønnj = bjørn; i fagmålet kallar me det palatalisering, dei slær l og n opp under himlingen i munnen). Men sambandet mn (t.d. i namn) er likt i Jostedalen og i Nordfjord. Dei nedste grendene i Jostedalen mot Luster ser ut til å ha hatt meir av slike sognainnslag med dl, dn og bm/bn enn midt- og norddalen har, så ll, nn og

► Nordfjord-merket mn står sterkare lenger oppetter dalen. Eldre kjelder gjev i alle høve inntrykk av det, t.d. Amund B. Larsen i "Sognemålene" (Oslo 1926) og Gustav Indrebø i "Sognamålet" (i Norske bygder IV Sogn, Bergen 1937), men diverre vantar det nyare granskningar frå Jostedalen.

Desse geografiske skilnadene i talemålet er ei svært interessant side av jostedalsmålet, og me får vona at interesserte bygdefolk eller filologistudentar frå dalen kan gjeva oss meir utførlege opplysningar om dette med det fyrste. I eit større oversyn til skulebruk om målføri i Sogn og Fjordane av Per Arvid Ølnheim vert det med ei eigi utgreiing om jostedalsmålet saman med tre målprøver frå dalen (ei etter Hallvard Hesjevoll og ei etter L. Kronen; båe desse var innsende til Norsk målførearkiv, Universitetet i Oslo), så interesserte kan skaffa seg dette oversynet seinare.

Til slutt vil eg nemna noko om Målet vårt i bladet dykkar. Desse spaltene har eg lese med størst interesse, og for meg som er årdøl og har samla mykje frå Indre Sogn, er mange av ordi velkjende. Tydingane kan vera noko ulike

stundom, men jamt over kjenner eg dei godt att. Alt dette stoffet bør samlast i eit hefte eller i ei eigi liti utgreiing om ordtilfanget i Jostedalen. De må samla meir, minst tusen ord (eller eit par tusen), så mest mogeleg kjem med.

I eit hefte om ordtilfanget bør skrivemåten verta lik for same lyden eller lydsambandet i målføret, og ordi og ordtydingane kan få eit lite tillegg med tilvising til andre kjelder frå Sogn eller til ordbøkene åt Ivar Aasen og Hans Ross. På den måten vert ordtilfanget sett inn i ein større samanheng og vert meir verdfullt for grannebygdene og ein større del av distriktet. Dersom de er interesserte i ei slik løysing, kanskje som innslag i ei påemna bygdebok, og dersom de ynskjer det, skal eg gjerne gjeva meir fagleg hjelp og rettleiing til dei som steller med det. Men eg vonar de er like aktive i kvart nummer, slik at mest mogeleg ord kjem med.


Takk for spalteplassen!

Andreas Bjørkum

JSA

JOSTEDAL SKULE- OG BYGDEAVIS

NR. 2 1982/83 - (NR. 12 TOT.) - 6. ARGANG - 20 KRONER



**Styggvasshytta,
teikna etter eit bilete frå 1933**